Sunnhordland

Vokalist Paul Hansen (t.v) og Torbjørn Økland på gitar var i storform i Borggarden i Rosendal måndag og tysdag i denne veka. Fredag vil dei ta Leirvik med storm. FOTO: KJETIL ØSTREM

Sommar, sol og Vamp

Blomar, kjærleik, natur, og bare føter pregar låtane Vamp presenterer på utescenen på Leirvik kai fredag.

Signe Kristin Hovland - Publisert: 09.07.09

– Det er jo sommar og sol. Difor har me også lagt opp til ein konsert med sommarlege låtar, fortel komponist og musikar i Vamp, Øyvind Staveland. Fredag brakar det laus på utescenen ved Osvald Pub, og bandet gler seg til å spela.

– Me skal gjera ein kjempekonsert. I tilegg ser det ut for at v ret også vert bra, så slik sett skulle alt liggja til rette for ein flott kveld, fortel Staveland.

Forutan konserten på Aker Stord for litt sidan, er det godt og vel tre år sidan dei heldt eigen konsert på Stord.

– Me gler oss difor svært til å spela for publikummet på Stord, og håper me kan gje dei ei god sommarleg oppleving, kommenterer musikaren.

Regnklede

Sol eller ei. Arrangørane har alt klappa og klart til utekonsert. Men til tross for at Vamp har hatt kjempesuksess med det siste albumet sitt, St. Mandag, er det framleis mange billettar att.

– Me har selt vel 250 billettar til no, men har plass til 800 - 1000 publikummarar, fortel Robert Delis ved Osvald Pub, og vonar det vert selt nokre hundre til.

– Me satsar på eit publikumstal opp mot 500 - 600, fortel han og oppmodar til bruk av regnklede framføre paraply dersom det skulle regna stort.

– Slik vert ikkje paraplyane til hinder for dei som står bakover, sluttar Delis, og ynskjer velkommen til ein skikkeleg sommarleg musikkveld utandørs.